



DEN NORSKE KYRKJA

Protokoll frå møte i Kyrkjeleg fellesnemnd for Ullensvang, Jondal og Odda

Dato og tid:	Saker:	Arkiv:	Møtestad:
31.01.18 kl. 11:00 – 14:00	001/18 – 012/18		Odda soknehus, storsalen

Til stades: May Søfteland (leiar), Hans-Sigvard Galtung (nestleiar), Torbjørn Dagestad (for Magne Hus), Steinar Tokheim, Marianne Eide, Lars Måkestad, Arild Hellesøy (geistleg representant), Olav B. Hus (kommunal representant).

Kyrkjeverjene Laila Bergsagel og Gerd R. Bu.

Prosjektleiar Liv Eirill Evensen.

Utsendt vedlegg:

Referat frå møte 1 med dei tillitsvalde 11.01.18.

Avslutting av saker frå 2017:

- 10/17 Tilsetjing av prosjektleiing
- 11/17 Fordeling av prosjektmidlar

Saker:

- 001/18 Godkjenning av møtebok og innkalling
- 002/18 Høyring, prinsippdokument
- 003/18 Orientering: førebels rekneskap for prosjektåret 2017
- 004/18 Reglement for partsamansett utval
- 005/18 Prosjektplan 2018 – 2019
- 006/18 Organisering, samansetjing og leiing av arbeidsgrupper
- 007/18 Budsjett 2018
- 008/18 Økonomistyring i prosjektperioden – val av løysing

009/18	Framlegg til skisseplan for kulturbygging og sosiale aktivitetar
010/18	Framlegg til informasjonsplan
011/18	Møteplan 2018
012/18	Saker til neste møte

Avslutning av saker frå 2017

10/17 Tilsetjing av prosjektleiar

Måndag 27. november vart det halde intervju med dei to søkjarane til stillinga som prosjektleiar for kyrkjeleg fellesnemnd.

Før nemnda skulle vurdere søknader og intervju for innstilling gav kyrkjeverja Gerd Rosten Bu melding om at ho ønskte at nemnda skulle tilsetja Liv Eirill Evensen som prosjektleiar.

Innstillingsnemnda gjekk samrøystes inn for å tilrå å tilsetja Liv Eirill Evensen i 20% stilling som prosjektleiar frå 01.01.2018.

I sak 5/17 vedtok kyrkjeleg fellesnemnd at om innstillinga vart samrøystes godkjent av alle medlemene i fellesnemnda, skulle saka handsamast som telefonmøte. Om det ikkje var semje om tilsetjing i samsvar med innstillingsnemnda, skulle saka handsamast i møte.

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ INNSTILLINGSNEMNDA:

Liv Eirill Evensen vert tilsett i 20% stilling som prosjektleiar frå 01.01.2018.

«Om det ikkje kjem inn merknader på e-post er saka vedteken og vert referert i neste møte.»

Det var ikkje kome merknader på e-post, og saka vart dermed referert som vedteken.

11/17 Fordeling av prosjektmidlar 2017

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde i sak 4/17 følgjande vedtak:

“I 2017 dekkjer fellesnemnda alle utgifter til medlemar til fellesnemnda (møtegodtgjersla, reiseutgifter) alle utgifter til møte (lokale, mat m.m.). Resten av tildelte midlar vert delt på kvart fellestråd i høve til arbeidstimane til kyrkjeverjene.

Rekneskapen skal synleggjera reelle utgifter fellesnemnda har, utan omsyn til utbetalingane.”

Kyrkjeverja Gerd var beden om å leggja fram timar for referat og innkalling til møta i kyrkjeleg fellesnemnd samt anna arbeid.

Leiarane drøfta vedtaket i sak 4/17 den 27.11.17. May Søfteland har frå februar av forhalde seg til kyrkjeverja Gerd Rosten Bu både i høve til samlinga i Odda og i vidare arbeid med saker. Leiarane såg på arbeidet som er utført og ville tilrå at dette vart vurdert som “mellombels prosjektleiar” og Gerd ville fungera som dette fram til prosjektleiar vart tilsett.

Fordelinga som vart trekt opp i sak 4 var ikkje vert korrekt i høve til belastning av arbeid og det vart føreslege at midlane som var att etter at alle utgifter var betalte, vart fordelt etter ein nøkkel med 80 % til Ullensvang og 10 % til Odda og 10 % Jondal.

«Midlane bør fordelast i inneverande år og det vert beden om tilbakemelding på e-post frå medlemne i kyrkjeleg fellesnemnd om dei er ueinige i denne nye fordelingsnøkkelen. Er det ikkje innvendingar vert midlane fordelt slik i inneverande rekneskapsår. Er det usemje om denne fordelinga vert midlane sett av til fond og handsama i ny sak over nyttår før endeleg fordeling vert gjort.

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ INNSTILLINGSNEMNDA

I 2017 dekkjer fellesnemnda alle utgifter til medlemar til fellesnemnda (møtegodtgjersla, reiseutgifter) alle utgifter til møte (lokale, mat mm). Resten av tildelte midlar vert delt på dei tre fellesråda.

Gerd Rosten Bu har fungert som mellombels prosjektleiar og attståande midlar vert fordelt på dei tre fellesråda med høvesvis 80 % til Ullensvang og 10 % til Jondal og 10 % til Odda.

Om det ikkje kjem inn merknader på e-post er saka vedteken og vert referert i neste møte.»

Det var ikkje meldt inn merknader. Saka vart dermed referert som vedteken.

001/18 Godkjenning av møtebok og innkalling

Saksbakgrunn:

Merknad til møtebok frå møte i nemnda 8/11-17:

Medlem i fellesnemnda, Magne Hus, har følgjande forslag til tilføyning i vedtaket i sak 6/17.

Han ønskjer vedtaket slik:

Vedtak (6/17):

Partsamensett utval.....

.....

Reglement for partsamensett utval dgs. 8.11.2017 vert tilrådd [vedteke i samsvar med hovudavtale og reglement](#). Det skal leggjast fram.....

Framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjend med tilføyninga frå Magne Hus i sak 6.

Innkallinga vert godkjend.

Handsaming:

-

Vedtak:

Møteboka vart godkjend med tilføyninga frå Magne Hus i sak 6.

Innkallinga vart godkjend.

002/18 Høyring, prinsippdokument

Saksbakgrunn:

Prinsippdokumentet vart vedteke i fellesnemnda sitt møte i Kinsarvik 8/11-17.

Det har no vore ute på høyring i dei tre fellesråda, og er godkjent utan endringar i Jondal, Odda og Ullensvang.

Dokumentet skal til uttale i partsamansett utval før nemnda sitt møte og endeleg vedtak 31/1-18.

Prinsippdokumentet er utforma slik:

PRINSIPPDOKUMENT

SAMARBEID – Samanslåing av tre kyrkjelege fellesråd:

Odda, Ullensvang og Jondal

Ullensvang kyrkjelege fellesnemnd

BAKGRUNN

Kyrkelova § 5 seier at det i kvar kommune skal vera eitt kyrkjeleg fellesråd. Når Odda, Ullensvang og Jondal kommunar slår seg saman til Ullensvang kommune frå 01.01.2020, vert det automatisk slik at dei kyrkjelege fellesråda i dei tre kommunane også skal slåast saman.

Proessen på kyrkjesida vert på mange måtar som ei kommunesamanslåing i miniatyr – ulike kulturar skal møtast, sveisast saman og fungera i lag. System og avtalar skal samkøyrast. Drifta skal verte heilskapleg og samlande, og skapa positive synergjar og utvikling der dette er mogeleg.

Ullensvang kyrkjelege fellesnemnd vart konstituert den 23.10.17. Nemnda skal arbeida i ein intensiv periode fram til nytt kyrkjeleg fellesråd for den nye storkommunen er på plass frå 01.01.2020.

DOKUMENTOVERSIKT

- Fullmakter / mandat til fellesnemnda – felles saksutgreiing i dei tre fellesråda i september 2017.
- Prinsippdokumentet – dette dokumentet – gjev dei overordna måla og føringane for samanslåinga.
- Prosjektplanen skal syna proessen med aktivitetar, organisering av arbeidet med tema- / faggrupper (arbeidsgrupper) og definera milepælar / avgjerdspunkt og prosjektøkonomi.

- Handlingsplanen vert eit tillegg til prosjektplanen, og skal gje ei kortfatta gjennomgang av dei to heile prosjektåra på aktivitetsnivå, 2018 og 2019.
- Informasjonsplan, som tek omsyn til behova hjå tilsette, kyrkjelyd og samarbeidspartnarar. Vedlegg til prosjektplanen.
- Plan for kulturbygging og sosiale aktivitetar. Vedlegg til prosjektplanen.
- Budsjett gjeldande frå 2020 av.

VISJON FOR KYRKJA VÅR I FRAMTIDA

Ullensvang kyrkjelege fellesråd skal vera ein god og føreseieleg arbeidsgjevar og ein effektiv og samvitsfull forvaltar av den kyrkjelege arven og oppgåvene etter dei tre fellesråda Odda, Ullensvang og Jondal. Ullensvang kyrkjelege fellesråd tek aktivt vare på verdiar og interesser knytt til sokn, kyrkjelyd og kyrkjeleg kulturarv, og skapar «meir himmel på jorda» i eit respektfullt samspel mellom ulike faggrupper.*

* Sokneråd med fellesrådsfunksjonar

HOVUDMÅL FOR SJØLVE SAMANSLÅINGA

Samanslåinga skal ta omsyn til kyrkja si spesielle ståstad som trussamfunn, og jf. «Kyrkjelova» leggja enda betre til rette for eit aktivt engasjement og ei stadig fornying i den evangelisk-lutherske folkekyrkja i Noreg.

Ullensvang kyrkjelege fellesråd vil halda på lokalt særpreg og tek vare på lokale ressursar og kunnskap i størst mogeleg grad.

Gode tenester, gjev kyrkja eit godt omdøme i ei ny tid. Som forvaltar av gravplassar møter vi alle, medlemmer som ikkje-medlemmer, på ein god og verdig måte.

DELMÅL FOR SAMANSLÅINGSPROSESSEN – perioden med kyrkjeleg fellesnemnd

Kulturbygging: Fellesrådsmedlem, leiarar og tilsette får ei tydeleg oppleving av å stå saman om arbeidet som vert gjort, og eit positivt bilete av framtida ein går inn i.

Informasjon og tryggleik: Dei tilsette får den informasjonen dei treng for å orientera seg i det nye landskapet som tek form, og samstundes ro og tryggleik til å utføra det daglege arbeidet sitt.

Orden og systematikk: Arbeidet med å få oversikt over alle avtaler og system, og innsamling av anna naudsynt dokumentasjon, vert gjort på ein smidig og mest mogeleg hensiktsmessig måte, og til rett tid.

Samarbeid og erfaringsutveksling: Fellesnemnda vil spela på lag med kommunal fellesnemnd, og nytta erfaringar derifrå.

Ressursar og personell: Fellesnemnda opparbeider seg ei grundig oversikt over ressursar (bygg, materiell, system), personell (stillingar) og oppgåver, i tillegg til naudsynt vedlikehaldsstatus, som mellom anna mogeleggjør planlegginga av eit realistisk budsjett i god tid før 2020.

Tilpassing og innkøring: Der det høver vil fellesnemnda byrja å tilpassa og reorganisera tenester allereie før 2020 (jf. KA-kurs 23.10.17).

Tillit og omsyn: Alle partar tek omsyn til kvarandre, og vel å ha tillit til kvarandre – og til prosessen.

DELMÅL FOR FRAMTIDIG FELLESRÅD – Ullensvang kyrkjelege fellesråd

- Ullensvang kyrkjelege fellesråd vil, gjennom tett dialog og informasjonsutveksling med den nye Ullensvang kommune, leggja til rette for gode og føreseielege økonomiske rammer og eit forsvarleg driftsnivå.
- Ullensvang kyrkjelege fellesråd skal levera gode tenester innan kyrkjeleg forvaltning, med vekt på god forvaltningsskikk i alle ledd.
- Kyrkjebygg og gravplassar vert forvalta og haldne ved like i tråd med norsk lov, overordna planar, økonomiplan og årshjul som vert utarbeidde.
- Det faglege fellesskapet i kyrkja vert styrka gjennom til dømes fagteam og nettverksarbeid.
- Kartlegginga av ressursar og oppgåver som er utført under fellesnemndperioden gjev betre løysingar og tryggleik ved ferieavvikling, sjukdom og permisjonar.
- Fellesrådet skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar der ledige stillingar trekk til seg gode kandidatar.
- Dei tilsette skal kjenne seg ivaretekne og vere trygge på kor dei skal gå med spørsmål og problemstillingar.
- Det vert lagt stor vekt på eit godt samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane.
- Sokna og dei friviljuge sine interesser og innsats vert løfta fram og handsama med respekt.

SAMARBEID MED ANDRE

- Tilsettere representantar og tillitsvalde
- Prestar, prost og bispedøme
- Kommunal fellesnemnd, eksisterande kommunar og den nye Ullensvang kommune
- KA (*Arbeidsgiverorganisasjonen for kirkelige virksomheter*)
- Sokn, kyrkjelyd og friviljuge.

(Dokument slutt.)

Framlegg til vedtak:

Fellesnemnda godkjenner endeleg prinsippdokumentet for samarbeid i samanslåingsprosessen mellom dei kyrkjelege fellesråda Jondal*, Odda og Ullensvang.

* Sokneråd med fellesrådsfunksjonar

Uttale i partsamansett utval:

Det er viktig å synleggjere sokna meir, og samanhengen mellom dei åtte sokna og fellesnemnda.

Uttale frå Stormyr (vedlegg 1) minus linja "Fellesrådet har avgrensa ansvarsområde og optrer på vegne av sokna" og minus stryking av punktet "Tilpassing og innkøying" vart framlagt og støtta. "Dei friviljuge" kan stå.

Trå: Side 4 pkt. 4 tillegg: Nytte erfaringar også frå andre fellesnemnder.

Engmark sitt forslag til visjon har gode punkt.

Ordet "staben" bør med i visjonen, då prestane vert betre dekkja.

"Tillit" – eller leggje vekt på opne prosessar?

Handsaming:

Drøfting av tilsettere representantordninga.

Vedtak:

Uttale frå PSU vert teken til etterretning og nytta med språkleg og strukturell tilpassing av PL.

003/18 Orientering: førebels rekneskap for prosjektåret 2017**Saksbakgrunn:**

Fellesnemnda for kommunesamanslåinga har løyvd totalt 750 000 kroner til samanslåinga mellom dei tre fellesråda. Av desse midlane er 90 000 sett av til 2017-arbeidet.

I 2017 er det att kr. 33 755,49 til fordeling. Siste vedtak i sak 11/17 gjev ei fordeling på 80 % til Ullensvang, 10 % til Jondal og 10 % til Odda. Restsum er no fordelt. Ullensvang herad fører rekneskapen for prosjektet i 2017. Kyrkjeverja i Ullensvang orienterer om førebels rekneskap:



2 ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESRÅD (2018) - År/Periode 2017 1 - 1204.01.2018

	Regnskap 2017
Art: 1080 GODTGJERSLE FELLESRÅD/SOKNERÅD	
4120 SAMANSLÅING FELLESRÅD	23.800,00
Sum art: 1080 GODTGJERSLE FELLESRÅD/SOKNERÅD	23.800,00
Art: 1081 TAPT ARBEIDSFORTENESTE	
4120 SAMANSLÅING FELLESRÅD	5.875,00
Sum art: 1081 TAPT ARBEIDSFORTENESTE	5.875,00
Art: 1099 ARBEIDSGJEVARAVGIFT	
4120 SAMANSLÅING FELLESRÅD	6.063,55
Sum art: 1099 ARBEIDSGJEVARAVGIFT	6.063,55
Art: 1120 ANNA FORBRUKSMATERIELL M.M.	
4120 SAMANSLÅING FELLESRÅD	14,00
Sum art: 1120 ANNA FORBRUKSMATERIELL M.M.	14,00
Art: 1129 MATVARER/SERVERING	
4120 SAMANSLÅING FELLESRÅD	3.445,83
Sum art: 1129 MATVARER/SERVERING	3.445,83
Art: 1150 OPPLÆRING/KURS (IKKJE OPPG.PL.)	
4120 SAMANSLÅING FELLESRÅD	11.400,73
Sum art: 1150 OPPLÆRING/KURS (IKKJE OPPG.PL.)	11.400,73
Art: 1160 REISEUTGIFTER OG DIETT (INKL. KURS)	
4120 SAMANSLÅING FELLESRÅD	4.993,40
Sum art: 1160 REISEUTGIFTER OG DIETT (INKL. KURS)	4.993,40
Art: 1170 IKKJE-OPPG.PL. REISEUTGIFTER	
4120 SAMANSLÅING FELLESRÅD	652,00
Sum art: 1170 IKKJE-OPPG.PL. REISEUTGIFTER	652,00
Art: 1429 MVA BETALT (INNKJØP DRIFT)	
4120 SAMANSLÅING FELLESRÅD	1.182,44
Sum art: 1429 MVA BETALT (INNKJØP DRIFT)	1.182,44
Art: 1551 AVSETJING TIL BUNDNE DRIFTSFOND	
4120 SAMANSLÅING FELLESRÅD	660.000,00
Sum art: 1551 AVSETJING TIL BUNDNE DRIFTSFOND	660.000,00
Art: 1729 MVA REF.KRAV (DRIFT)	
4120 SAMANSLÅING FELLESRÅD	-1.182,44
Sum art: 1729 MVA REF.KRAV (DRIFT)	-1.182,44
Art: 1830 TILSKOT FRÅ ULLENSVANG HERAD	
4120 SAMANSLÅING FELLESRÅD	-750.000,00
Sum art: 1830 TILSKOT FRÅ ULLENSVANG HERAD	-750.000,00
T O T A L T	-33.755,49

Framlegg til vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd tek den førebelse rekneskapen til etterretning.

Handsaming:

Gerd R. Bu orienterte. Endeleg rekneskap er klart og ført i null. Heile prosjektstøtta er utbetalt Ullensvang kyrkjelege fellesråd, og midlar for 2018 og 2019 vert sett på bundne fond.

Retting i saka: Det er Ullensvang kyrkjelege fellesråd som fører rekneskapen, ikkje heradet.

Vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd tok den førebelse rekneskapen til etterretning.

Endeleg rekneskap kan slutførast med note slik det ligg føre.

Saksbakgrunn:

I møte i kyrkjeleg fellesnemnd 8/11-17 (sak 6/17) vart partsamansett utval sett saman av heile kyrkjeleg fellesnemnd og ein arbeidstakarrepresentant frå kvart av fellesråda.

Møta i partsamansett utval skal haldast i forkant av møta i kyrkjeleg fellesnemnd.

Reglement for partsamansett utval dagsett 08/11-17 vart tilrådd vedteke. Det vert lagt fram i PSU for uttale, og om det ikkje vert endringar der, vert framlegget vedteke slik det ligg føre.

Sjå også sak 001/18 og forslag til endring i vedtak i sak 06/17 som kjem fram der.

PARTSAMANSETT UTVAL/ADMINISTRASJONSUTVAL

TIL KYRKJELEG FELLESNEMND

Mål for partsamansett utval:

Å få til eit godt og tillitsfullt arbeidsmiljø mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar ved at dei tilsette får høve til påverka og ta medansvar.

1 Val og samansetjing

Administrasjonsutvalet er samansett av 6 arbeidsgjevarrepresentantar og 3 arbeidstakarrepresentantar.

Arbeidsgjevarrepresentantane er dei same som er vald frå dei tre fellesråda til å sitja i kyrkjeleg fellesnemnd.

Utvalet vel sjølv leiar og nestleiar.

Prosjektleiar er sekretær for utvalet og har møteplikt samt tale- og forslagsrett.

Kyrkjeverjene har møte- og talerett.

2 Mandat

Administrasjonsutvalet er fellesrådet sitt partsamansette utval etter Kyrkelova § 35. Utvalet har eit overordna ansvar i spørsmål av personalpolitisk karakter, og for å setje slike spørsmål på dagsorden. Utvalet skal handsama saker som gjeld tilhøvet mellom fellesråda som arbeidsgjevarar og dei tilsette, med utgangspunkt i Hovudavtalen § 10-1 «Administrasjonsutval/partsamansett utval».

3 Saker der utvalet har uttalerett

- ved tilsetjing av dagleg leiar for nytt fellesråd
- ved oppretting, nedlegging og ev. endring av stillingar i nytt fellesråd
- ved fastsetjing eller endring av reglement som gjeld arbeidstakarane, for eksempel permisjonsreglement, tilsetjingsreglement, reglement for administrasjonsutval, arbeidsreglement og ev andre lokale reglement.
- ved prosessar om utvikling og omstilling, inkl. nye planar for organisasjonen og dei tilsette. (jf. Hovudavtalen § 10-1 b)
- nye organisasjons- og bemanningsplanar
- uttala seg om nye stillingsinstruksar
- ved innføring av ny teknologi og vesentleg omlegging av dei tekniske hjelpemiddel
- framlegg til effektiviseringstiltak
- retningsliner for delegasjon til arbeidsutval og administrasjon
- ved andre saker av personalpolitisk karakter som fellesrådet legg fram for utvalet
- framlegg til årsbudsjett og økonomiplan for nytt fellesråd

4 Møte i partsamensett utval

- Utvalet skal ha møte når leiar finn det naudsynt eller når minst 2 medlemmer krev det. For å ta vare på framdrift og kontinuitet bør det utarbeidast ein årleg møteplan for utvalet.
- Utvalet vert innkalla skriftleg med 7 dagars varsel. Saksdokumentata vert sende til medlemmer, og andre med møterett.
- Møta i utvalet blir normalt haldne for stengde dører.
- Utvalet er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades, medrekna leiar eller nestleiar og begge partar er representerte. Vedtak vert fatta med allment fleirtal. Ved likt stemmetal avgjer stemma til leiaren.
- Prosjektleiar kan i samråd med leiar innkalla andre det er ønskjeleg å rådføra seg med.
- Det skal førast møtebok som vert sendt til medlemmar, 1. varamedlemar og andre med møterett så snart som mogeleg etter møtet.

5 Gjeldande periode

Dette reglementet vert gjort gjeldande fram til dato for samanslåing 01.01.2020.

(Dokument slutt.)

Framlegg til vedtak:

Reglement for partsamensett utval dgs. 08.11.2017 vert vedteke i samsvar med hovudavtale og reglement.

Uttale frå partsamansett utval:

Til punkt. 4: Møte i PSU bør haldast for opne dører jfr. andre offentlege møte.

Handsaming:

Uttale frå PSU vart teken til etterretning.

Vedtak:

Reglement for partsamansett utval dgs. 08.11.2017 vart vedteke i samsvar med hovudavtale og reglement.

Uttale frå PSU vart teken til etterretning og punkt 4 endrast.

Saksbakgrunn:

Prosjektplanen vil vera eit viktig arbeidsverktøy for prosjektleiinga og for nemnda. Planen skal strukturera arbeidsoppgåver, gjennomføring, tidsfristar og målstyringa generelt.

I prinsippdokumentet er det lista opp kva for dokument som skal utarbeidast i prosjektet. Prosjektplanen er eitt av dei.

Prinsippdokumentet er baka inn i prosjektplanen. Andre sentrale dokument vert lagde til som vedlegg til ferdig prosjektplan.

FRAMLEGG TIL PROSJEKTPLAN, KYRKJELEG FELLESNEMND

01.01.2018 – 31.12.2019

Visjon for kyrkja vår i framtida

Ullensvang kyrkjelege fellesråd skal vera ein god og føreseieleg arbeidsgjevar og ein effektiv og samvitsfull forvaltar av den kyrkjelege arven og oppgåvene etter dei tre fellesråda Odda, Ullensvang og Jondal. Ullensvang kyrkjelege fellesråd tek aktivt vare på verdiar og interesser knytt til sokn, kyrkjelyd og kyrkjeleg kulturarv, og skapar «meir himmel på jorda» i eit respektfullt samspel mellom ulike faggrupper.*

* Sokneråd med fellesrådsfunksjonar

Bakgrunn

Kyrkjelova § 5 seier at det i kvar kommune skal vera eitt kyrkjeleg fellesråd. Når Odda, Ullensvang og Jondal kommunar slår seg saman til Ullensvang kommune frå 01.01.2020, vert det automatisk slik at dei kyrkjelege fellesråda i dei tre kommunane også skal slåast saman.

Proessen på kyrkjesida vert på mange måtar som ei kommunesamanslåing i miniatyr – ulike kulturar skal møtast, sveisast saman og fungera i lag. System og avtalar skal samkøyrast. Drifta skal verte heilskapleg og samlande, og skapa positive synergjar og utvikling der dette er mogeleg.

Ullensvang kyrkjelege fellesnemnd vart konstituert den 23.10.17. Nemnda skal arbeida i ein intensiv periode fram til nytt kyrkjeleg fellesråd for den nye storkommunen er på plass frå 01.01.2020.

Hovudmål for sjølve samanslåinga

Samanslåinga skal ta omsyn til kyrkja si spesielle ståstad som trussamfunn, og jf. «Kyrkelova» leggja enda betre til rette for eit aktivt engasjement og ei stadig fornying i den evangelisk-lutherske folkekyrkja i Noreg.

Ullensvang kyrkjelege fellesråd vil halda på lokalt særpreg og tek vare på lokale ressursar og kunnskap i størst mogeleg grad.

Gode tenester, gjev kyrkja eit godt omdøme i ei ny tid. Som forvaltar av gravplassar møter vi alle, medlemmer som ikkje-medlemmer, på ein god og verdig måte.

Delmål for samanslåingsprosessen – perioden med kyrkjeleg fellesnemnd

Kulturbygging: Fellesrådsmedlem, leiarar og tilsette får ei tydeleg oppleving av å stå saman om arbeidet som vert gjort, og eit positivt bilete av framtida ein går inn i.

Informasjon og tryggleik: Dei tilsette får den informasjonen dei treng for å orientera seg i det nye landskapet som tek form, og samstundes ro og tryggleik til å utføra det daglege arbeidet sitt.

Orden og systematikk: Arbeidet med å få oversikt over alle avtaler og system, og innsamling av anna naudsynt dokumentasjon, vert gjort på ein smidig og mest mogeleg hensiktsmessig måte, og til rett tid.

Samarbeid og erfaringsutveksling: Fellesnemnda vil spela på lag med kommunal fellesnemnd, og nytta erfaringar derifrå.

Ressursar og personell: Fellesnemnda opparbeider seg ei grundig oversikt over ressursar (bygg, materiell, system), personell (stillingar) og oppgåver, i tillegg til naudsynt vedlikehaldsstatus, som mellom anna mogeleggjjer planlegginga av eit realistisk budsjett i god tid før 2020.

Tilpassing og innkøyring: Der det høver vil fellesnemnda byrja å tilpassa og reorganisera tenester allereie før 2020 (jf. KA-kurs 23.10.17).

Tillit og omsyn: Alle partar tek omsyn til kvarandre, og vel å ha tillit til kvarandre – og til prosessen.

Delmål for framtidig fellesråd – Ullensvang kyrkjelege fellesråd


- Ullensvang kyrkjelege fellesråd vil, gjennom tett dialog og informasjonsutveksling med den nye Ullensvang kommune, leggja til rette for gode og føreseielege økonomiske rammer og eit forsvarleg driftsnivå.

- Ullensvang kyrkjelege fellesråd skal levera gode tenester innan kyrkjeleg forvaltning, med vekt på god forvaltningsskikk i alle ledd.

- Kyrkjebygg og gravplassar vert forvalta og haldne ved like i tråd med norsk lov, overordna planar, økonomiplan og årshjul som vert utarbeidde.
- Det faglege fellesskapet i kyrkja vert styrka gjennom til dømes fagteam og nettverksarbeid.
- Kartlegginga av ressursar og oppgåver som er utført under fellesnemndperioden gjev betre løysingar og tryggleik ved ferieavvikling, sjukdom og permisjonar.
- Fellesrådet skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar der ledige stillingar trekk til seg gode kandidatar.
- Dei tilsette skal kjenne seg ivaretekne og vere trygge på kor dei skal gå med spørsmål og problemstillingar.
- Det vert lagt stor vekt på eit godt samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane.
- Sokna og dei friviljuge sine interesser og innsats vert løfta fram og handsama med respekt.

Organisering av prosjektarbeidet

Prosjektet vert organisert etter PLP-metoden, «prosjektleiarsprosessen», som set tydelege rammer for prosjektarbeidet med definerte roller, oppgåver og ansvarstilhøve.



* Kyrkjeleg fellesnemnd (KF) har det overordna ansvaret for prosjektet, og har som oppgåve å handsama dokument og forslag frå prosjektleiaren, og samstundes ta initiativ til naudsynte saker. Nemnda utgjer styringsgruppa i prosjektet. KF skal og ta stilling til om milepålar er oppnådde, og

handsama avgjerdspunkt undervegs i prosessen. KF har, saman med PL, eit særskilt ansvar for kontroll over økonomien i prosjektet.

* Partsamansett utval (PSU) har eit overordna ansvar i spørsmål av personalpolitisk karakter, og for å setja slike spørsmål på dagsorden. PSU er høyringsinstans i saker som gjeld dei tilsette og tilhøve på arbeidsplassen. (Sjå reglement for partsamansett utval.)

* Prosjektansvarleg (PA) vert oppnemnd frå kyrkjeleg fellesnemnd. PA vert sparringspartner for prosjektleiaren, og har eit særskilt ansvar for å sikra PL gode arbeidstilhøve og sjå til at arbeidet til ein kvar tid går rette vegen. PA rapporterer til fellesnemnda.

* Prosjektlear (PL) vart tilsett etter intern utlysing mellom kyrkjevevjene. PL har ansvar for at alle oppgåvene i prosjektprosessen vert utførde, og ansvar for å melde attende til PA og nemnda om det er tilhøve som vanskeleggjer måloppnåing innan fristar. PL koordinerer arbeidsgruppene og ber om leveransar frå dei til rett tid. PL rapporterar til PA og nemnda.

* Arbeidsgruppene utfører oppgåver etter nærare melding frå prosjektleiaren. Dette kan vere innhenting av dokumentasjon, analysar, avgrensa spørjeundersøkingar eller anna.

* Arbeidsgruppeleiar (AL) har ansvar for at arbeidsgruppa gjer dei oppgåvene som dei har fått melding om frå PL, og at leveransar skjer til oppsette tidsfristar.

Organisering av arbeidsgrupper 1 – 5

1. Personalressurs og arbeidsoppgåver

Ansvar: Skapa ei oversikt over alle personalressursar/ stillingsprosentar og oppgåver knytt til stillingane i dag. Sjå på arbeidsstad for den einkilde tilsette i dag, og vurderer kva som vil vera ei god løysing for det nye fellesrådet og for dei tilsette (i størst mogeleg grad ta omsyn til bustad og ynskje). Tilrå kva for saker som skal til PSU for uttale undervegs i prosessen. Tilrå ein kabal for tilsette og oppgåver i nytt fellesråd. Laga felles kyrkjetenarinstruks. Laga felles personalpolitiske retningslinjer.

→ Relevant lovverk: Arbeidsmiljølova, Hovudavtalen, Hovudtariffavtalen.

→ Arbeidsgruppeleiar:

→ Undergrupper: kyrkjemusikk, diakoni, trusopplæring, kyrkjetenarar, administrativt personale.

2. Eigedommar, tilstand og verdiar

Ansvar: Opplisting av eigedommar med verdi i dag og vedlikehaldsetterslep. Oversiktsvurdering av tilstand. Gje nemnda tilråing: prioritering av vedlikehalds- og investeringstiltak for budsjett 2020-2023. Stadfesting av eigedomstilhøve og kartfesting der dette manglar.

→ Relevant lovverk: Kulturminnelova, Plan- og bygningslova, Arbeidsmiljølova, Lov om offentlege innkjøp.

→ Arbeidsgruppeleiar:

3. Kyrkjegardar og gravplassforvaltning

Ansvar: Oversikt over gravplassforvaltningssystem nytta i dei tre fellesråda i dag, sjå på talet på ledige graver og planleggja for sletting av graver, plan for muslimsk gravlund, sjå på vedlikehaldsetterslep, reglement for gravplassar, festeavgift (kommunen), vurderer felles forvaltningsløyising for det nye fellesrådet og tilrå i saka.

→ Relevant lovverk: Gravferdslova, Kyrkjelova, Offentleglova, Forvaltningslova, Lov om folkeregistrering, Arbeidsmiljølova.

→ Arbeidsgruppeleiar:

4. Arkivsystem og sakshandsaming. Løysingar for IKT.

Ansvar: Oversikt over system nytta i dei tre fellesråda i dag, oversikt over arkivhyllometer og etterslep arkivvedlikehald, sjå på eksisterande datasystem, leverandørar og kostnad, vurderer løysingar for det nye fellesrådet og tilrå i saka. Ny nettstad. Løysingar for telefoni.

→ Relevant lovverk: Arkivlova, Forvaltningslova, Offentleglova, Lov om folkeregistrering.

→ Arbeidsgruppeleiar:

5. Økonomi og avtaler

Ansvar: Oversikt over system for rekneskapsføring og revisjon nytta i dag. Vurderer prisar og nytte. Tilrå løysing for rekneskapsføring i nytt fellesråd. Gjennomgå avtaler og støtte kyrkjevevjene i arbeidet med å seie opp avtaler til rett tid. Utarbeida mal for oppretting av nye avtaler med Ullensvang kyrkjelege fellesråd. Oppstart av felles budsjettarbeid.

→ Relevant lovverk: Rekneskapslova, Lov om offentlege innkjøp.

→ Arbeidsgruppeleiar:

Oppgåver som ligg under prosjektleiar sitt ansvarsområde

- Koordinering av arbeidsgruppene.
- Kontaktpunkt med tillitsvalde.
- Kontaktpunkt mellom kyrkjevevjene.
- Rapportering oppover i organisasjonen.
- Innhenting av hjelp og støtte frå kommunal fellesnemnd og samarbeid med kommunal prosjektleiar.
- Informasjon om samanslåingsprosessen internt og eksternt, om ikkje anna melding er gitt av prosjektansvarleg eller av fellesnemnda.
- Saksførebuing til fellesnemnda, i samråd med leiar.

Oppgaver som vert ivaretekne av kyrkjeverjene

- Den daglege drifta av fellesråd/ sokneråd med fellesrådsfunksjonar.
- Interne oppgåver og problemstillingar som ikkje er direkte knytt til samanslåinga. (Spør om det finst tvil.)
- Kontakt med tillitsvalde.
- Saksførebuing og deloppgåver, ved førespurnad frå PL.
- Innsamling og rett distribusjon av naudsynt informasjon til arbeidsgrupper og andre, etter førespurnad frå PL.
- Oppseiing av alle avtaler til rett tid.
- Kulturbygging og sosiale aktivitetar på tvers av fellesråda.
- Ivaretaking av dei friviljuge.
- Ivaretaking av sokna.

Oppgaver som vert ivaretekne av fellesnemnda

- Kontroll med sakstfang og vedtak.
- Kontroll med eventuelle varslingar og arbeidsmiljømessige tiltak.
- Kontaktpunkt med arbeidsgjevarlina for prestane, og lokale prestar.
- Aktiv utveksling av informasjon mellom fellesråda som gjeld til dømes:
 - Ledige stillingar,
 - Større investeringssaker i perioden 2018-2019,
 - Vedlikehaldsetterslep som vil måtte løysast etter samanslåinga.
- Ivaretaking av prosjektleiar sine arbeidstilhøve.
- Kontorstruktur for dei kyrkjelege fellesråda i framtida.
- Kyrkjeverjestillingane og administrative ressursar i nytt fellesråd, i samråd med arbeidsgruppe 1.
- Utlysing av ny kyrkjeverjestilling til rett tid.
- Budsjett 2020 --- .

Oppgaver som ligg til andre organ/ anna arbeidsgjevar

- Kyrkjestructur, prestestillingar, gudstenesteplan.

Viktige milepålar i prosjektarbeidet

Rangert etter ein førebels tidsplan:

Nr.	Tittel	Ansvarleg	Frist	Merknad
1.	Tilsetjing av PL	KF	Operativ 01.01.18	OK
2.	Utnemning av PA	KF	I møte 31.01.18	Nemnda peikar ut ein person frå eiga gruppe
3.	Arbeidsgrupper vert vedtekne og oppretta	PL / PA / KF	Vedtak 31.01.18 Samansetjing og melding innan 01.03.18 Høyring i PSU før påfølgjande møte i nemnda	Detaljerte oppgåver for kvar gruppe vert utarbeidde av PL i samråd med kvar AL.
4.	Mellombelse signal/ ein fyrste tilråding frå arbeidsgruppene til fellesnemnda	AL / PL	Innan 31.12.18	Basert på tilrådingane kan nemnda byrja å sjå på felles løysingar og nye avtaler
5.	Revisjon av prosjektplanen	PL / KF	01.02.19	FN ser til at arbeidet går rette vegen, og vurderer om det er naudsynt med endringar i organiseringa av prosjektet
6.	Alle arbeidsgruppene har levert tilrådingar og analysar i tråd med tinginga frå PL / KF	PL	01.04.19	
7.	Kabal på plass: stillingar og oppgåver (inkl. arbeidsstad) for alle tilsette i nye Ullensvang kyrkjelege fellesråd	KF	01.05.19	Møter med tillitsvalde. Forhandlingar. Høyring i PSU.
8.	Utlysing av den nye kyrkjeverjestillinga	KF	01.06.19	Stillingsannonse vert utarbeidd av PL/PA og vedteken i nemnda med uttale i PSU
9.	Oppseiing av alle avtaler med 6 mnd. oppseiingsfrist f.o.m. 01.01.20	KV	01.06.19	Nyttar arbeidet utført av arbeidsgruppe – avtalar

10.	Klargjere nye avtaler frå 01.01.20 for nye Ullensvang kyrkjelege fellesråd	KF / KV / PL	01.08.19	Operative 01.01.20
11.	BUDSJETT 2020 og investerings- og vedlikehaldsbudsjett 4-årig	KF	01.09.19	
12.	Sluttrapport og erfaringsoverføring	PL / PA/ KV/ KF	01.12.19	
13.	Ny kyrkjeverje på plass	KF	01.01.20	Nemnda vurderer overlapping og/ eller overtaking av prosjektleinga dei siste månadene

Tabell 1

Avgjerdspunkt

Eit avgjerdspunkt i eit prosjekt markerer normalt ein situasjon kor styringsgruppa må vedta om prosjektet skal stansast eller om det skal halda fram. I ein prosess med samanslåing av fellesråd må ein ta omsyn til at situasjonen er ekstraordinær – **prosjektet kan i prinsippet ikkje avsluttast før arbeidet (perioden) er sluttstilt.**

Styringsgruppa lyt difor vera ekstra medveten om denne problemstillinga jfr. kyrjelova § 5, og sikra at naudsynte grep vert tekne undervegs, til dømes følgje opp prosjektorganiseringa sterkare enn kva som hadde vore naturleg i eit meir normalt prosjekt med mogelegheit for å prøve og feile i større grad.

Under følgjer dei kritiske suksessfaktorane som er identifiserte for prosjektet. Kvart einskild punkt burde – viss det vert ein realitet – gje tydelege signal om at fellesnemnda omgåande må ta grep for endring i prosjektet si organisering, overordna rammer eller arbeidsform.

Kritiske suksessfaktorar

Ein kritisk suksessfaktor er eit element som påverkar særleg sterkt om prosjektet vil lukkast eller ikkje. Om eit tenkt tilfelle verkar spesielt problematisk, er det ekstra viktig at det vert teke med på lista over kritiske suksessfaktorar.

Dei kritiske suksessfaktorane er det viktig at alle involverte partar i prosjektet kjenner til og følgjer med på, slik at gode mottiltak kan setjast inn i tide om det skulle verte naudsynt.

Kritiske suksessfaktorar, graderte etter graden av alvor:

Nr.	Tittel	Mogeleg resultat	Vurdering: sannsynleg?
1.	Ny lov om trussamfunn tek vekk fellesråda som lovpålagt ordning.	Nemnda sin autoritet vert undergraven, og verdien av arbeidet sett i tvil – arbeidet vert vanskeleggjort.	Lite sannsynleg at dette skjer innan 01.01.2020. Høyringa av planutkastet vil kunne gje nye føringar.
2.	Kulturskilnader og andre tilhøve mellom dei tre fellesrådsområda gjev motstand og brot i samarbeidet.	Alternativ a): Arbeidet vert forseinka og fordyra. Alternativ b): Arbeidet kjem ikkje i mål.	Alternativ a): noko sannsynleg. Alternativ b): lite sannsynleg.
3.	Dei tilsette kjenner seg ikkje godt nok ivaretekne, det dannar seg fryktkultur, generell uro og det vert t.d. ryktespreiing.	Vi kan miste gode medarbeidarar. Folk vert sjuke. Folk mister motivasjonen og arbeidslysta. Kvaliteten på drifta går ned.	Noko sannsynleg.
4.	Kompleksiteten i prosjektarbeidet og dei sær avgrensa ressursane gjer at viktige oppgåver (som t.d. ledd i analyser) vert gløymde, og «dukkar opp» tett på tidsfristane eller etterpå.	Arbeidet vert utsett, fristar vert flytta, ein kan mista flyten og motivasjonen i arbeidet.	Sannsynleg.
5.	Ny lov om trussamfunn opnar opp for at kommunen kan ta seg av gravplassforvaltninga sjølv.	Økonomisk usikkerheit for det nye fellesrådet. Problematikk kring tilsette og oppgåver.	Lite sannsynleg at dette skjer innan 01.01.2020. Høyringa av planutkastet vil kunne gje nye føringar.
6.	Uklare ansvarstilhøve bidreg til at PL vert hindra i å gjere jobben godt/ effektivt/ i tide.	Krefter går med til å styre prosessen, ikkje til sjølve oppgåveløysinga.	Noko sannsynleg.

Tabell 2

Samarbeid med andre

- Tilsettere representantar og tillitsvalde,
- Prestar, prost og bispedøme,
- Kommunal fellesnemnd, eksisterande kommunar og den nye Ullensvang kommune,
- KA (*Arbeidsgiverorganisasjonen for kirkelige virksomheter*)
- Sokn, kyrkjelyd og frivilljuge.

Representantar frå desse gruppene vil ein eventuelt kunna nytta inn i arbeidsgrupper, eller om ønskjeleg danna ei referansegruppe.

Økonomi

Kommunal løyving til heile prosjektet: 750 000.

Fordeling:

* 2017: 90 000.

* **2018:** 330 000. Stipulert kostnad for prosjektleiing i 20 % stilling: 150 000.

Restsum til møtegodtgjersle, reise, mat og andre utgifter: 180 000.

* **2019:** 330 000. Stipulert kostnad for prosjektleiing i 20 % stilling: 150 000.

Restsum til møtegodtgjersle, reise, mat og andre utgifter: 180 000.

Dette inneber at prosjektøkonomien er stram, og må følgjast opp godt.

Prosjektbudsjett for 2018 ligg ved i dokumentet «Handlingsplan 2018».

Vedlegg

1. Handlingsplan 2018
2. Budsjett 2018
3. Skisseplan, kulturbygging og sosiale aktivitetar
4. Informasjonsplan 2018

(Dokument slutt)

Framlegg til vedtak:

1. Kyrkjeleg fellesnemnd vedtek framlegg til prosjektplan, og gjev prosjektleiar fullmakt til å ferdigstille dokumentet med bilete og layout.
2. Kyrkjeleg fellesnemnd vel til rolla som prosjektansvarleg (PA).

Uttale i partsamansett utval:

Endringar som kjem i prinsippdokumentet skal leggjast inn i prosjektplanen.

Organisasjonsplanen rettast med boks for tillitsvald-utval.

Arbeidsgruppe 1: hugs særavtalar, stillingsomtalar.

Arbeidsgruppe 1: hugs fokus på oppdraget og arbeidsoppgåvene.

Innspel frå Engmark: Oppgåver som vert ivaretekne av KV, endring i punkt om ivaretaking i sokna.

Handsaming:

Forslag til PA: May Søfteland (forslagstillar: Hellesøy).

Vedtak:

1. Kyrkjeleg fellesnemnd vedtek framlegg til prosjektplan, og gjev prosjektleiar fullmakt til å ferdigstille dokumentet med bilete og layout.
2. Kyrkjeleg fellesnemnd vel May Søfteland til rolla som prosjektansvarleg (PA).
3. Innspel frå PSU-uttalen vert baka inn i dokumentet.

Saksbakgrunn:

Det vart vist til sak 005/18 Prosjektplan med oppsett over arbeidsgrupper. Det er lagt opp til 5 arbeidsgrupper. Arbeidsgruppe 1 vil i tillegg ha fleire undergrupper (faggrupper).

Framlegg til vedtak:

1. Fellesnemnda vedtek organisering av arbeidsgrupper, som oppsett i prosjektplanen. Fellesnemnda vel følgjande leiarar til arbeidsgruppene:

Gruppe 1:

Gruppe 2:

Gruppe 3:

Gruppe 4:

Gruppe 5:

2. Fellesnemnda gjev fullmakt til prosjektleiar og arbeidsgruppeleiar til å ferdigstille samansetjinga av gruppene med påfølgjande uttale i PSU og endeleg vedtak i fellesnemnda, etter denne modellen:

- Kvar arbeidsgruppe skal ha 1-2 representantar frå dei tilsette.
- Kvar arbeidsgruppe skal ha 1-2 representantar frå dei folkevalde eller kyrkjelyden.
- Arbeidsgruppene kan knyte til seg andre ressursar i tillegg etter avtale med PA.
- Undergruppene til arbeidsgruppe 1 vert sett saman av tilsette som naturleg fell inn under den respektive faggruppa.

Uttale i partsamansett utval:

Ingen sett.

Handsaming:

May Sjøfteland la fram forslag til leiarar av gruppene:

1. May Sjøfteland
2. Steinar Tokheim
3. Magne Hus

4. Hans-Sigvard Galtung

5. Marianne Eide.

Forslag frå Steinar Tokheim til endra vedtakspunkt 2 (utheva):

Fellesnemnda gjev fullmakt til prosjektleiar og arbeidsgruppeleiar til å ferdigstille samansetjinga av gruppene med påfølgjande uttale i PSU og endeleg vedtak i fellesnemnda, etter denne modellen:

- Kvar arbeidsgruppe skal ha representantar frå dei tilsette.

- Kvar arbeidsgruppe skal ha representantar frå dei folkevalde eller kyrkjelyden.

- Arbeidsgruppene kan knyte til seg andre ressursar i tillegg etter avtale med PA.

- Undergruppene til arbeidsgruppe 1 vert sett saman av tilsette som naturleg fell inn under den respektive faggruppa.

Vedtak:

1. Fellesnemnda vedtok organisering av arbeidsgrupper, som oppsett i prosjektplanen. Fellesnemnda valde følgjande leiarar til arbeidsgruppene:

1. May Sjøfteland

2. Steinar Tokheim

3. Magne Hus

4. Hans-Sigvard Galtung

5. Marianne Eide.

2. Forslaget frå Steinar Tokheim vart einstemmig vedteke. Vedtaket vert då:

Fellesnemnda gjev fullmakt til prosjektleiar og arbeidsgruppeleiar til å ferdigstille samansetjinga av gruppene med påfølgjande uttale i PSU og endeleg vedtak i fellesnemnda, etter denne modellen:

- Kvar arbeidsgruppe skal ha representantar frå dei tilsette.

- Kvar arbeidsgruppe skal ha representantar frå dei folkevalde eller kyrkjelyden.

- Arbeidsgruppene kan knyte til seg andre ressursar i tillegg etter avtale med PA.

- Undergruppene til arbeidsgruppe 1 vert sett saman av tilsette som naturleg fell inn under den respektive faggruppa.

Saksbakgrunn:

Potten for 2018, 330 000 kroner, skal fordelast på dei ulike oppgåvene som skal løysast gjennom året.

Framlegg til budsjett:

Post	Sum
Prosjektleiing, sum vert overført det fellesrådet som har arbeidsgjevarfunksjon for PL	150 000
Møtegodtgjersle, nemnd, ved 5 møte i 2018	40 000
Tapt arbeidsinntekt	30 000
Godtgjersle, tilsettere representantar	10 000
Godtgjersle, arbeidsgrupper, folkevalde	5 000
Frikjøp/ innkjøp av tenester	20 000
Kulturbygging og sosiale tiltak	8 000
Reise	12 000
Tilstandsanalyse / verdivurdering, eigedommar. Prioritet i 2018	47 000
IT-system og opplæring (2019)	0
Arkivsystem (2019 – evt. 2020)	0
Servering	8 000
Rekneskap/ revisjon vert ført av eit fellesråd	0
Kontorhald, andre kostnader – må fordelast på fellesråda	0
Totalt	330 000

Framlegg til vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd vedtek framlegg til budsjett for 2018.

Prosjektbudsjettet skal reviderast i tråd med handlingsplan.

Uttale i partsamansett utval:

Det er uheldig at vi ikkje har råd til KA-kurs for PL.

Det er viktig å halda kontakten med kommunen.

Handsaming:

Nemnda vil sende kommunal fellesnemnd søknad om tilleggsbevilling til kurs for PL.

Vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd vedtok framlegg til budsjett for 2018.

Prosjektbudsjettet skal reviderast i tråd med handlingsplan.

Nemnda vil sende kommunal fellesnemnd søknad om tilleggsbevilling til kurs for PL.

008/18 Økonomistyring i prosjektperioden – val av løysing

Ny sak 8 med endra (retta) ordlyd vart omdelt i møtet.

Saksbakgrunn:

Prosjektrekneskapen har i 2017 vore ført av Ullensvang kyrkjelege fellesråd, som eige prosjekt, og inngår som ein del av fellesrådet sin rekneskap elles i 2017. Dette har vore ei praktisk og profesjonell løysing som ikkje gjev fellesnemnda utgifter til rekneskapsføringa. Det er viktig å spele på eksisterande ressursar der nemnda trygt kan gjera dette.

Framlegg til vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd ber Ullensvang kyrkjelege fellesråd inngå avtale med Ullensvang herad om at prosjektrekneskapen framleis kan verte ført der også i 2018 og 2019.

Handsaming:

-

Vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd ber Ullensvang kyrkjelege fellesråd inngå avtale med Ullensvang herad om at prosjektrekneskapen framleis kan verte ført der også i 2018 og 2019.

Saksbakgrunn:

FRAMLEGG TIL SKISSEPLAN

Vår 2018:

- Samling for alle tilsette. Stad: Ullensvang (Utne). Kreative aktivitetar, dialog og lunsj. Synfaring ved Utne kyrkje. Vert dekket med prosjektmidlar.

Haust 2018:

- Felles julemiddag for alle tilsette. Stad: Jondal. Synfaring ved Jondal kyrkje. Vert dekket av det einskilde fellesråd sine budsjett.

Vår 2019:

- Treff for alle kyrkjetenarar i Odda. Synfaring i Odda kyrkje. Kva er vår felles ståstad? Fagleg program og sosialt innhald. Inspirasjonsforedrag. Lunsj og program vert dekket med prosjektmidlar.

- Treff for kyrkjemusikarar i Jondal. Kva er vår felles ståstad? Lunsj og program vert dekket av prosjektmidlar.

Haust 2019:

- Parallellseminar for diakonar og trusopplærarar i Ullensvang. Synfaring ved Kinsarvik kyrkje. Kva er vår felles ståstad? Kreative aktivitetar. Lunsj og program vert dekket av prosjektmidlar.

- Felles julemiddag for alle tilsette. Stad: Odda. Synfaring ved Tysedal kyrkje. Vert dekket av det einskilde fellesråd.

I tillegg til programmet for kulturbygging kjem kontakten gjennom undergrupper under arbeidsgruppe 1, tillitsvaldarbeid og PSU.

(Dokument slutt.)

Framlegg til vedtak:

Skisseplan for kulturbygging og sosiale aktivitetar vert godkjend.

Uttale frå partsamansett utval:

Delar av samlinga vår-18 kan køyrast som parallellseminar for dei ulike faga.

Handsaming:

Uttale frå PSU vart teken til etterretning.

Vedtak:

Skisseplan for kulturbygging og sosiale aktivitetar vart godkjend.

Delar av samlinga vår-18 vert køyrd som parallellseminar for dei ulike faga.

Saksbakgrunn:

FRAMLEGG TIL INFORMASJONSPLAN 2018

Informasjonsplan for Ullensvang kyrkjelege fellesnemnd

Ei samanslåing av fellesråd er ein samansett og krevjande prosess, og behovet for informasjon kan tidvis verte stort.

Det overordna ansvaret for å informera om samanslåinga ligg hos kyrkjeleg fellesnemnd. Ansvaret for dagleg, intern informasjon til tilsette, sokn og kvart fellesråd er delegert til kyrkjeverjene.

Ansvaret for å informera eksternt, til dømes i pressa, er delegert til prosjektleiar og prosjektansvarleg/leiar, om ikkje anna melding vert gitt av fellesnemnda.

I møtet med tilsette, sokn, innbyggjarar, folkevalde og friviljuge, skal alle involverte partar:

- Gjere sitt beste for å omtala prosessen og deltakarar i prosessen på ein positiv og respektfull måte,
- Vera opne og inkluderande,
- Søkja å skapa ro, tillit og orden i organisasjonen,
- Søkja å setja kyrkja og dei ulike partane i samarbeidet i eit godt ljós.

Tiltak for tenleg informasjonsflyt:

Våren 2018

- Kyrkjeverjene informerer dei tilsette på kvart stabsmøte eller etter behov.
- Fellesnemnda informerer i pressa om tilsett prosjektleiar og vegen vidare, og deltek med representant(ar) i felles intervju.
- Kyrkjeverjene nyttar kyrkjeblada til positivt nytt om samarbeidet.
- Prosjektleiar informerer tillitsvalde og tilsettere representantar om tidsplan – handlingsplan.
- Det vert vurdert å nytta ein digital plattform for distribusjon av referat og anna informasjon av offentleg interesse.

Hausten 2018

- Kyrkjeverjene informerer dei tilsette på kvart stabsmøte eller etter behov.
- Kyrkjeverjene nyttar kyrkjeblada til positivt nytt om samarbeidet.
- Prosjektleiari dokumenterer med foto/ tekst felles samlingar for tilsette: «Kva er vår felles ståstad?»
- Prosjektleiari informerer organisasjonen og tilsettere representantar om status for arbeidet ved årsslutt.

(Dokument slutt)

Framlegg til vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd vedtek framlegg til informasjonsplan 2018.

Uttale i partsamansett utval:

Eigne nettsider i fellesråda bør nyttast til informasjon. Sjå på mogelegheit for å knyte informasjonen opp mot kommunen.

Sakspapir bør leggjast ut på heimesida ved innkalling.

Kyrkjeverjene bør vidare sende sjølve sakslista (framsida) til dei tilsette.

Handsaming:

Drøfting – skal PSU ha alle saker til handsaming? Her gjeld regelverket for PSU. Dei tillitsvalde kan få sakslista som går til nemnda for å kunna vurdere om det er fleire saker som skal til PSU.

PL lyt senda sakslista (forsida) som går til nemnda til dei tillitsvalde.

Dei tre representantane for dei tilsette lyt informera eigne tilsette om PSU-sakene.

Eigen heimesideløysing: PL har fullmakt til å gjera grep og få ei løysing på plass i samråd med kommunal fellesnemnd.

Vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd vedtok framlegg til informasjonsplan 2018 med slike presiseringar:

- Dei tillitsvalde får sakslista (framsida) som går til nemnda for å vurdere om det er saker som skal til PSU.
- Dei tre representantane for dei tilsette skal informera eigne tilsette om PSU-sakene.

011/18 Møteplan 2018

Det var ikkje utarbeidd framlegg til vedtak. Budsjettet for 2018 legg opp til inntil 5 møte i fellesnemnda.

Nemnda la planen i møtet.

Vedtak:

Nemnda møter:

Møte 2: Torsdag 19. april 11:00 – 13:00 i Odda.

Møte 3: Tysdag 28. august 11:00 – 13:00

Møte 4: Tysdag 25. september 11:00 – 13:00

Møte 5: Onsdag 14. november 11:00 – 13:00

PSU møter 09:00 – 11:00 same dagar.

012/18 Saker til neste møte

Det var ikkje utarbeidd framlegg til vedtak. Nemnda kunne drøfta og melda inn saker i møtet.

Vedtak:

- Samansetjing av arbeidsgruppene kjem opp i april møtet som orienteringssak.

Ref. 31.01.18

Liv Eirill Evensen

Prosjektleder